



**Sakshandsamar:**

Frode Kristian Grøttebø

E-post: Frode.Kristian.Grottebo@sfj.no

Tlf.: 97653769

**Vår ref.**

Sak nr.: 17/8190-1

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

39039/17

**Dykkar ref.**

## Notat

**Dato**  
LEIKANGER, 17.10.2017

**Frå:** Fylkesdirektøren for opplæring

**Til:** Hovudutvalet for opplæring

### Arbeidsgruppe pedagogisk psykologisk teneste

Pedagogisk psykologisk teneste har både individretta og systemretta oppgåver. Tenesta skal hjelpe skulane og barnehagane, slik at barn, elevar, lærekandidatar, lærlingar, praksisbrevkandidatar og vaksne med behov for særskilt tilrettelegging opplever at dei får eit inkluderande, likeverdig og tilpassa pedagogisk tilbod. PP-tenesta kan hjelpe skulen med kompetanse- og organisasjonsutvikling slik at skulen vert betre i stand til å inkludere den enkelte elev i fellesskapet.

PP-tenesta for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane er, med unntak av kontoret for Eid og Vågsøy, organisert som ei teneste der fylkeskommunen kjøper tenester frå vertsskapskommunar. Kontoret på Eid og Vågsøy er eigd av fylkeskommunen og sel PP-tenester til Eid og Vågsøy kommune. Alle kjøp og sal av tenester er regulert i fireårige samarbeidsavtalar. Sogn og Fjordane fylkeskommune finansierer om lag 11 årsverk fagstillingar fordelt på åtte PP-kontor.

PP-tenesta er heimla i opplæringslova § 5-6:

*Kvar kommune og kvar fylkeskommune skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste. Den pedagogisk-psykologiske tenesta i ein kommune kan organiserast i samarbeid med andre kommunar eller med fylkeskommunen.*

*Tenesta skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal sørge for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det. Departementet kan gi forskrifter om dei andre oppgåvene til tenesta.*

### Fylkesdirektøren for opplæring har sett ned ei arbeidsgruppe med følgjande mandat:

*Med bakgrunn i delmål frå God-betre-best om pedagogisk psykologisk teneste, og fylkesdirektøren si evaluering av desse i samband med nytt mål og strategidokument, set fylkesdirektøren for opplæring i gang eit arbeid som skal analysere og kartlegge om PPT har kompetanse, kapasitet og er organisert slik at brukarane er sikra høg kvalitet på tenestene, både på individ- og systemnivå.*

Arbeidet skal særleg vurdere:

- Om alle elevar og lærlingar har tilgang til likeverdige PP-tenester.
- Om PP-tenesta stettar dei vidaregåande skulane og bedriftene sine behov.
- Organiseringa av tenesta.

**Bakgrunnen for at fylkesdirektøren meiner det er tenleg å sette ned denne arbeidsgruppa er:**

- Status for mål og strategidokumentet, God - betre – best! Syner at måla for Pedagogisk-psykologisk teneste ikkje er nådd og at vegen vidare må vurderast.
- Avtalane med kommunane går ut i løpet av dei neste 2 åra.
- Nokre kommunar går inn i nye strukturar. Blant anna Vågsøy kommune slå seg saman med Flora kommune og vil samarbeide om PP-tenestene i den nye kommunen, Kinn.
- Fylkesdirektøren for opplæring endra våren 2017 rutinane for innsøking til vidaregåande opplæring i tråd med presisering av opplæringslova § 5-4, at skulen skal ha vurdert og prøvd ut tiltak i den ordinære opplæringa før elevane kan få vedtak om spesialundervisning. Denne endringa har flytta PP-tenesta si arbeidsbyrde frå vinter til haust, og gjev rom for større grad av samarbeid mellom dei vidaregåande skulane og PP-tenesta. Denne endringa gjer det naturleg å sjå på organiseringa av sakkunnearbeidet i vidaregåande opplæring.
- Undervegs i arbeidet vil det komme avklaringar om regionreforma. Slutningane kring denne reforma er relevant å ta med seg i vurderingane, uansett utfal.

**Fylkesdirektøren har sett ned følgjande arbeidsgruppe:**

- Margrethe Eikrem Aarsæt, PP-leiar
- Siri Merete Nedland, Seniorrådgjevar opplæringsavdelinga
- Frode Grøttebø, Rådgjevar opplæringsavdelinga

**Arbeidsgruppa skal ha følgjande referansegruppe:**

- To representantar frå vidaregåande skule
- Ein representant frå eit opplæringskontor
- Ein representant frå ein arbeidstakarorganisasjon
- Ein representant frå Statped
- Ein representant nemnd opp av KS

**Framdriftsplanen for arbeidsgruppa blir slik:**

Oppgåve	Tidspunkt
Mandat og oppnemning av arbeidsgruppe	veke 39 2017
Arbeidsgruppe oppstartsmøte Notat til orientering HO 25.oktober Brev til kommunane parallelt med notat til HO	Oktober
Arbeidsgruppe møte 2	November
Arbeidsgruppe møte 3	Desember
Dialogmøte med kommunane ved behov	Januar
HO	Februar 2018
Høyring (6 veker)	Februar-april
HO	Mai 2018
Fylkesting	Juni 2018